

Statens vegvesen

Notat

Til: Silje Storevik Moe, Svein Jarle Slinde
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Fjellsikring langs Skjerdalsvegen		Dok. nr. i Mime:	15/253400-4	
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Sogn v/Silje Storevik Moe		Dato:	18.08.2016	
Planfase:	Planlegging av tiltak	Arkivkode:	460	Dokumentnr:	30115-GEOL-1
Kommune:	Aurland	Vegnr.:	Fv242	HP: 1	Km: 3,450-5,200
UTM 33 ref.:	6758062 401878	EUREF 89	Geoteknisk kategori:		
Utarbeida av:	Jens Tveit	Kontrollert av:	Tore H Medgard		

Fv 242, Hp 1, Km 3,450 – Km 5,200. Sikring med fanggjørde på Skjerdalsvegen

Innleiing

Det har vore ein prosess rundt sikring av Fv 242 Skjerdalsvegen. Fleire alternativ er vurdert, og det er bestemt at ein skal gå vidare med sikring med fanggjørde i dei områda det vil vere brukande. Det er tidlegare i prosessen skrive eit notat om sikring av Skjerdalsvegen (Mimenr 15/253400-2).

Vurdering og tilråding

Fanggjørde som sikring

Fanggjørde er eit lett sikringsmiddel som har god funksjon i fleire typar terreng. Der det er bratt og vanskeleg tilgang er fanggjørde eit særst godt sikringsmiddel. For at fanggjørde skal vere brukande er det viktig at nedfall ikkje kjem altfor hyppig eller er for omfattande. For hyppige steinsprang fører til eit stort behov for tømning og vedlikehald av gjerdane, og i slike tilfelle er det mest hensiktsmessig med andre tiltak. Det finnst kraftige fanggjørde som tåler opp mot 8000 kJ i ei skredhending. Desse er særst kostbare, og det er ikkje kjend at gjørde med denne styrken har vore montert i Noreg.

Fanggjørde langs Skjerdalsvegen

Det mest eigna området for sikring med fanggjørde langs Skjerdalsvegen er frå Km 4,485 og oppover mot Skjerdal. Strekket fram til Km 4,645 bør ha høgste prioritet. Her er det stort sett venta forankring i fjell. Det er ein del nedfall på dette strekket, men ikkje like hyppig som dei områda med mest aktivitet. Dette gjer at fanggjørde kan fungere som sikring i dette området. Terrenget ned mot vegen er slakare, noko som gjer at spretthøgda blir mindre og det er større moglegheit for å fange opp steinsprang med fanggjørdet.

Det bør etablerast fanggjørde vidareoppover bakken mot Skjerdal til forbi møteplassen ved Km 4,850. Her er ikkje behovet like stort som fram til Km 4,645 og bør prioriterast etter det

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081


Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

første strekket. Det er vurdert at fanggjerdet vil fange opp dei fleste nedfall også her. Stort sett er det venta forankring i fjell. Vidare oppover mot Skjerdal er det betydeleg mindre steinsprangaktivitet. Forholda for forankring og montering er også dårlegare, samt at det ikkje kjem nedfall frå stor høgde.

Totalt er det tilrådd å montere 365 meter fanggjerdet i dette området. Tilrådd styrke og høgde er gitt i tabellen under. Fanggjerdet bør monterast over skjeringstoppen så det er tilkomst med kran/maskinelt utstyr. Grunna topografiske forhold kan det vere best eigna å montere fanggjerdet noko lenger opp i terrenget frå Km 4,645, sjå figur 2.

Strekke	Styrke	Høgde	Lengd
Km 4,485-Km 4,645	3000 kJ	5m	160
Km 4,645-Km 4,850	1000 kJ	4m	205



Figur 1 - Kart over området



Figur 2 - Tilrådd plassering av fanggjerd